


Kop. 16.2.71

114537



«... der Krieg fortdauert»

Hr. redaktør.

Kjende dei tyske forhandlarane i Trondheim til at den norske regjering førde krigen vidare? Arild Hamsun (Aftenposten 11/2 1970, nr. 69) synest ennå næra tvil, og etterlyser mine kjelder. Er dei norske? eller tyske? eller begge deler? Dei er begge deler. Sjølv tilbyr Hamsun eit brev frå den tyske underskrivaren, oberst Buschenhagen, datert 6. juni 1969, altså nesten på dagen 29 år etter.

Dersom Hamsun ser etter i den framstilling han polemiserer mot, vil han finna at eg mellom anna siterer utførleg den «Morgenmeldung» som Gruppe XXI, altså den tyske overkommando her i landet, sende til Oberkommando der Wehrmacht den 10. juni 1940. Meldinga er ekspedert klokka 10.40, altså omlag to timar etter at sjøflyet med oberstløytnant Roscher Nielsen ombord hadde gått ned på Trondheimsfjorden. Stort nærare inn på livet av hendingane kan ein vanskeleg koma. I denne meldinga heiter det at dei norske forhandlarane legg avgjerande vekt på at krigen varer ved, også etter at striden i Nord-Norge er slutt, og at norske sjø- og luftstridskrefter hadde forlate landet saman med Konge, Regjering og allierte styrkar. Ordlyden, også på originalspråket, offentliggjorde eg i Aftenposten 25. januar i år.

Etter dette ville det vera fullstendig innhaldslaust om tyskarane heldt fast på den altomfattande formuleringa: dei norske stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta. Derfor endra dei avtaleteksten. Eg sluttar meg gjerne til Hamsuns ord (Aftenposten 2/2 i år): «Hva man enn kan si om tyskerne, nøyaktige var og er de». Difor ser eg heller ingen meiningsskilnad på dette punktet mellom tysk og norsk historieforskning. Sjå til dømes Walther Hubatsch: Weserübung, 2. utg., s. 219.

La oss ikkje bruka tid og spalteplass på unødvendig diskusjon. Det er utanfor all tvil at dei tyske forhandlarane i Trondheim 10. juni 1940 kjende til den norske regjeringens politikk, som var å føra krigen vidare. A ytra tvil om dette, er berre klippe-klippe-polemikk.

Innhaldet i uttrykket «Die gesamten...» har eg diskutert i eit svar til Sverre Hartmann, og vist at det ikkje blir brukt «altomfattende», men i klårt avgrensa meining.

Oslo, 11. februar.

Magne Skodvin.